

Saksprotokoll i fylkestinget - 16.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart vedteke mot 14 røyster (R, FRP, FNB, U).

Vedtak

Om proposisjon for revidert Bømlopakke skal vere basert på fylkestinget sitt vedtak av 2018, vert det opphavelge garantivedtaket erstatta av følgjande vedtak:

1. Under føresetnad av godkjenning av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 780 mill. 2021- kr for heile Bømlopakken, med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 858 mill. 2021-kr. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar
2. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Vestland fylkeskommune i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 17 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantien gjeld inntil bompengeselskapets gjeld er nedbetalt og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar.